



SAKSFRAMLEGG

| | |
|---|--------------------------|
| Sakshandsamar: Meline Heimdal Haugland | Arkivkode: FE-232 |
| Arkivsaksnr: 18/1738 | Løpenr: 19/7073 |
| Sakstype: Politisk sak | |

SAKSGANG

| Styre, utval, komité m.m. | Møtedato | Saksnr |
|---------------------------|------------|----------|
| Formannskapet | 03.10.2019 | 030/2019 |
| Kommunestyret | 17.10.2019 | 046/2019 |

Søknad om fritak frå eigedomskatt for bygning med historisk verdi GBNR 45/13

17.10.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

KS- 046/2019 Vedtak:

Gnr./bnr. 45/13 får fritak frå eigedomsskatt med medhald i eigedomsskattelova § 7b. Det er ein føremon at huset vert brukt som fritidsbustad, og ikkje til utleige. Fritaket gjeld f.o.m. 2018.

Vedtak om fritak vil gjelda i 1 år (kalenderår/skatteår). Satsane for eigedomsskatt i 2019 (7 promille og 2,4 promille) er dei same som i 2018.

03.10.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

FORM- 030/2019 Vedtak:

Gnr./bnr. 45/13 får fritak frå eigedomsskatt med medhald i eigedomsskattelova § 7b. Det er ein føremon at huset vert brukt som fritidsbustad, og ikkje til utleige. Fritaket gjeld f.o.m. 2018.

Vedtak om fritak vil gjelda i 1 år (kalenderår/skatteår). Satsane for eigedomsskatt i 2019 (7 promille og 2,4 promille) er dei same som i 2018.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

GBNR 45/13 får fritak frå eigedomsskatt med medhald i eigedomsskattelova § 7b. Det er eit føremon at huset vert brukt som fritidsbustad, og ikkje til utleige. Fritaket gjelder f.o.m. 2018.

Vedtak om fritak vil gjelda i 1 år (kalenderår/skatteår). Satsane for eigedomsskatt i 2019 (7 promille

og 2,4 promille) er dei same som i 2018.

Dokument som er vedlagt:

Verdivurdering av GBNR 45-13

Dokument som ikkje er vedlagt:

Søknad

Kommunedelplan for kulturminne 2012-2020

Melding om vedtak i sakkunnig nemnd for egedomsskatt 22.01.19. Gjeld frå og med 2018.

GBNR 45/13

Kva saka gjeld:

I kommunestylesak 058/2017 og 061/2018 om utskriving av egedomsskatt vart det vedteke at Samnanger kommune kan, jamfør eigendomsskattelova §7b, gje fritak for bygningar som har historisk verdi med 100%. Fritak kan også vurderast på grunnlag av søknad. Det er eit krav at bygget har bevart sin opphavelege arkitektoniske stil og at det ikkje vert brukt til forretningsverksemد.

På vegne av Asbjørn Fauske har Leon Fauske søkt om fritak frå egedomsskatt for GBNR 45/13. Det er søkt om fritak frå egedomsskatt grunna lokalhistorisk verdi. Søknaden er datert 08.10.18. og skal gjelda f.o.m. 2018, jamfør vedtak 014/2019 i sakkunnig nemnd for egedomsskatt 22.01.19.

Søknader for om fritak for eigendomsskatt må avgjerast av kommunestyret. Vedtak om fritak vil gjelda i 1 år (kalenderår/skatteår). Satsane for egedomsskatt i 2019 (7 promille og 2,4 promille) er dei same som i 2018.

Vurderingar og konsekvensar:

Som grunnlag til denne saka er det gjort ei verneverdivurdering av GBNR 45/13. Her er det kun den historiske verdien som er vorte vurdert.

For å vurdera verneverdien er følgjande punkt vektlagt:

- Representativitet
- Samanheng og miljø
- Autensitet
- Fysisk tilstand
- Arkitektonisk og kunstnarisk kvalitet
- Identitet og symbol
- Økonomi og bruk
- Økologi

Eit kulturminne eller eit kulturmiljø kan relaterast til fleire kriterium. Kva for kriterium det skal leggjast mest vekt på, er avhengig av dei aktuelle kulturminna eller kulturmiljøa me står ovanfor. Dei ulike kriteria kan overlappa og underbyggja kvarandre. Det kan også leggjast større vekt på enkelte kriterium enn andre. Det er dei same kriteriuma som skal brukast enten det gjelder verd/freding eller dispensasjon. Enkelte kriterium er ikkje alltid aktuelle. Kvar for seg og saman representerer dei kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar.

I verdivurderinga vert verdien av kulturminne gradert med låg, middels eller høg verdi.

Verdivurderinga er ei lokal vurdering og gjev verdien av kulturminne for Samnanger kommune.

GBNR 45/13 – Gamle Sandvik skulehus

Bygningen har tidligare vore skule i Sandvik datert til å vera bygd i 1912. Asbjørn Fauske overtok eigendomen i 2011. Eigendomen er omsøkt og godkjent som fritidsbustad. Restaureringsarbeidet starta i 2012 og pågår fremdeles. Søkjær reknar med det til ta eitt til to år før bygget er ferdig

rehabilitert og klar til å ta i bruk. Det verkar å vera lagt ned mykje arbeid for å halda stilten til det gamle skulehuset i Sandvik så autentisk som mogleg.

Det kan vera utfordrande å gjera ei vurdering utfrå tre nivå av verdi ettersom det er fleire punkt som skal vektleggjast. I dette tilfellet har me kome fram til følgjande konklusjon:

På nokre områder vert GBNR 45/13 vurdert til å ha middels historisk verdi og på nokre områder vert bygget vurdert til å ha høg historisk verdi.

Om me samanliknar autensiteten til det gamle skulehuset i Sandvik med t.d. Stolpane skulehus vil Stolpane skulehus som enkeltobjekt framstå som eit meir autentisk kulturminne. Likevel har det gamle skulehuset i Sandvik vore ein del av ein skulestruktur som me ikkje lengre har i dag, og bygget er ein viktig del av den heilskapelege historien om skuleutviklinga i Samnanger.

Eigarane har lagt ned eit fysisk og økonomisk krevande arbeid i rehabiliteringa av bygget. Fritak frå eigedomskatt kan sjåast som ein anerkjennelse av den innsatsen eigarane gjer og motivera andre til å halda kulturarven til Samnanger kommune i hevd.

Det gamle skulehuset på GBNR 45/13 bør verta friteke eigedomsskatt.